



Norges
vassdrags- og
energidirektorat

Jåstadkraft as
Jåstad Indre
5777 GRIMO

Middelthuns gate 29

Postboks 5091, Majorstuen
0301 OSLO

Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no

Org.nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
7694 05 08971

Vår dato: 13 JAN 2009
Vår ref.: NVE 200801092-4 kd/ehy
Arkiv: 432 /049
Dykkar dato:
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:
Egil Hyllestad
57 83 36 78

Indre Jåstad kraftverk, Ullensvang kommune, planar for sikkerheit av trykkrør og dam – bestemmelsar for drift av anlegga – vedtak

Vi viser til e-post datert 17.11.2007 frå Svein Sjøstad, med vedlagt planar for Indre Sjøstad kraftverk.

Kraftverket er gitt konsesjonsfritak etter vassressurslova, datert 13.11.2007.

Inntaksdammane er plassert i konsekvensklasse 0 og trykkrøret i konsekvensklasse 2, jf. brev frå NVE av 26.2.2008.

Trykkrøret vil bli utført i duktilt støypejern med nominell diameter 500 millimeter, nedgravd og med høgste statiske vasstrykk på 254 meter vassøyle. Det er planlagt to små dammar i betong, ein 1 m høg dam ved Indre Jåstadelva for overføring til Kvernhusbekken og ein 2 m høg dam ved Kvernhusbekken.

Vedtak

Med heimel i §§ 3-4 og 5-2 i "forskrift om sikkerhet og tilsyn med vassdragsanlegg" (sikkerheitsforskrifta) blir planane for røret og kontrollplan for utføring godkjent med vilkår.

Med heimel i § 5-3 i same forskrift skal det sendast inn ein sluttrapport med oppdaterte teikningar og kontrolløren sin oppsummering og vurdering seinast 6 månader etter at arbeida med rørgata er ferdig.

Med heimel i § 1-7 i same forskrift gir NVE dispensasjon frå kravet til kvalifisert personell etter § 2-2 i forskrifta, herunder kvalifikasjonskrav til leiar, vassdragsteknisk ansvarleg og tilsynspersonell. Det blir likevel stilt krav om at godkjent rådgivar i fagområde III (tappe-/stengeorgan og rør) i samsvar med "forskrift om kvalifikasjoner hos den som forestår planlegging, bygging og drift av vassdragsanlegg" (kvalifikasjonsforskrifta), skal kontrollere rørgata kvart 15 år. Rapport skal sendast NVE uoppfordra.

Med heimel i § 1-7 i same forskrift gir NVE også dispensasjon frå kravet om fullt utarbeida tilsynsprogram etter § 7-2 i forskrifta.



Grunngjeving

Planane for trykkrøret er behandla i samsvar med reglane i sikkerheitsforskrifta og kvalifikasjonsforskrifta.

Planane er utarbeida i samsvar med kvalifikasjonskrava i § 3-1 i kvalifikasjonsforskrifta. Godkjent fagansvarleg for planane er Ragnar Hartmann frå Sweco Norge. Kontrollør for arbeida med rørgata blir Lars Arne Eide som har tilfredsstillande kvalifikasjonar.

Vilkår

- Vi må få dokumentert om utførande foretak som skal leggje røra oppfyller kvalifikasjonskrava i § 4-1 i kvalifikasjonsforskrifta.
- Detaljplan av forankringen av røret ved stasjonen med utrekningar må sendast inn for kontroll før denne kjem til utføring.
- NVE skal ha tilsendt periodiske rapportar om kontrollarbeidet pr. kvartal, jf. sikkerhetsforskrifta § 5-3 om rapportering.

Kommentarar

I kontrollplanen er det sett opp at kontroll av lausmasse for rørseng, underfylling av rør og omfylling av rør blir kontrollert med tanke på at massen skal vere av spesifisert type. Vi kan ikkje sjå at slik spesifisering er gitt. Dette er viktig for at kontroll skal kunne utøvast.

I kontrollplanen er også gitt kontrollpunkt for GRP-rør. Dette er ikkje relevant sidan det er duktile støpejernsrør som skal leggjast.

Vassdragsanlegg er både for planlegging, bygging og seinare drift underlagt internkontroll i samsvar med *Forskrift om internkontroll av 21. februar 2003 for å oppfylle lov om vassdrag og grunnvatn*. Ved tilsyn på anlegget vil NVE sjå til at internkontroll etter nemnde forskrift er etablert og iverksett.

Ut frå ei sikkerheitsmessig vurdering gir NVE Jåstadkraft AS dispensasjon frå kravet om fullt tilsynsprogram for rørgata. Men det blir kravd eit program som sikrar eit forsvarleg ettersyn og vedlikehald av anlegget. I tillegg til godkjent rådgivars kontroll (jf. over) skal eigar sørgje for at anlegget skal inspiserast minimum ein gang i året. Kontrollopplegg skal vere utarbeida av NVE-godkjent rådgivar, og til dette er det ein fordel om ein nyttar same rådgivar som planla anlegget. Forslag til eit forenkla tilsynsprogram skal vere vedlagt sluttrapporten, jf. ovanfor. Det skal lagast ein kortfatta rapport frå den årlege inspeksjonen som skal framleggast for NVE på førespurnad.

Når det gjeld damkonstruksjonane viser vi til vårt brev av 26.2.2008.

**Klage på vedtak:**

Denne avgjerda kan påklagast til Olje- og energidepartementet innan tre veker frå det tidspunktet underretninga er kome fram til partane, jf. forvaltningslova kap VI. Ei eventuell klage skal grunngjevast skriftleg, stilast til Olje- og energidepartementet og sendast gjennom NVE. Vi ønskjer elektronisk innsending til vår sentrale e-postadresse nve@nve.no.

Med helsing



Rune Flatby
avdelingsdirektør



Lars Grøttå
seksjonssjef

Kopi:

Ullensvang kommune, 5780 Kinsarvik